

**Referat, styremøte 20 august 2013**

**Bergen Byarkiv kl 10.30-15.00**

Tilstade: Tom Oddby, Cecilie Lintoft, Tor Ingve Johannessen, Ole Martin Rønning, Turid Holen, Inger Lene Nyttningnes (sekr/ref).

Ikkje tilstade: Karin Gjelsten og Mads Langnes.

**Sak 23/2013. Godkjenning av referat frå styremøte 22. mai 2013**

Styret gjekk gjennom sakene frå førre styremøte med kommentarar til nokre av sakene.

Sak 16: Nestleiar har teke kontakt med Kulturrådet der det vart lagt fram ein invitasjon til observatørrett til LLP sine styremøter. Kulturrådet har takka for invitasjonen og oppnemnd Bjørn Bering som kontaktperson.

Sak 18: Cecilie Lintoft og Ole Martin Rønning har samarbeidd om innspel til Kulturløftet. Innspelet vart og sendt som innspel til Kulturutgreiinga 2014.

Sak 22: Møte med Visma fann stad 20. juni.

**Sak 24/2013. Økonomi**

Rekneskapsrapportar pr. 15. august 2013 vart gjennomgått. Resultatet syner eit overskot på kr. 135 840 mot budsjettert kr. 222 267. Alle inntekter for 2013 er no ført i rekneskapet. Det var budsjettert kr. 95 000 i inntekter frå det 6. norske arkivmøte. Det er no klårt at arkivmøtet ikkje har gått i overskot som forventa, og at LLP ikkje kan rekne med denne inntekta.

Rapportane er ikkje så oversiktelege som styret ynskjer å ha dei. Det bør mellom anna vere synleg kva reiseutgifter som utgjør styremøter skilt frå andre reiseutgifter. Det vart og påpeika at utgifter til rekneskapsfirmaet er høgt. I høve budsjettet vart det diskutert om det burde vere budsjettert med renteinntekter og momskompensasjon.

Organisasjonssekretær skal undersøkje med rekneskapskontoret om det er hensiktsmessig å budsjettere med renteinntekter og momskompensasjon. Ho skal og undersøkje om det er mulegheiter for at LLP kan kjøpe rekneskapstenester frå Bergen Kommune.

Gjennomgang av rekneskapsrapportar er tidkrevande på styremøtene. Arbeidsutvalet skal diskutere og legge fram forbetringpunkt før neste styremøte slik at møta kan effektiviserast.

Minoritetsprosjektet skal etter planen avsluttast inneverande år. Det gjenstår ei kvensk omsetting av rapporten. Denne er kraftig forseinka på grunn av sjukefråver. Dei gjenverande midlane i prosjektet skal tilbakeførast til Kulturrådet etter prosjektslutt. Ole Martin Rønning får ansvar for å følgje opp prosjektet.

**a) Lønsforhandlingar for organisasjonssekretær**

Organisasjonssekretær har bede om å få lønsforhandlingar. Krav er endå ikkje lagt fram. Styret vedtok eit forhandlingsutval beståande av leiar og nestleiar. Organisasjonssekretær forlot rommet så styret fekk diskutere saka. Krav skal leggast fram innan kort tid.

**b) Søknader om stipend**

Nestleiar representerer ein av søkjarane til stipend. Han forlot difor styrerommet medan det øvrige styret handsama saka.

Styret gjekk gjennom søknadene. Tre søknader var kome inn frå Drammen byarkiv, Arkiv i Nordland og Marit Hosar. Det vart beslutta at dei tre søkjarane skal løyvast kr. 10 000 kvar. Det vart stillt vilkår om at søkjarane sender inn dato for gjennomføring av prosjektet, namn på deltakarar og evt. andre bidragsytarar. To av søknadene mangla delvis denne informasjonen.

**c) Inntekter frå Det 6. norske arkivmøtet**

Arrangementet har gått i underskot, noko som betyr at LLP ikkje kan rekne med inntekter frå møtet. Tidlegare har LLP hatt kring 95 000 kr i inntekter frå arkivmøta.

**d) Deltaking på ICA-kongress i Brussel 23. – 25. november**

Styret ser ikkje at det er økonomisk rom for å vere representert på konferansen.

**e) Deltaking på SLA sin årskonferanse i Midelfart, Danmark 5. – 6. oktober**

Dersom SLA dekkjer konferanse- og reiseutgifter kan LLP sende ein representant til konferansen. Nestleiar følgjer opp.

**Sak 25/2013. Redigering av arkivlov**

Sak utsett.

**Sak 26/2013. Møte med søsterorganisasjonane**

Nestleiar har teke kontakt med organisasjonane Norsk Arkivråd, KS-arkivgruppe, Arkivarforeningen og Fagforbundets arkivgruppe og invitert til eit referatfritt møte om arkivmeldinga og samarbeid mellom organisasjonane. Alle organisasjonane har takka ja. Møtet finn stad i september. Tom Oddby og Cecilie Lintoft møter på vegne av LLP.

**Sak 27/2013. ABM-media**

LLP er deleigar i ABM-media. Tidsskriftet Arkiv er no lagt ned, og det vart teke opp om LLP bør halde fram som deleigar evt. kva LLP kan gjere for å auke aktiviteten. Turid Holen kontaktar LLP sin representant i ABM-media for informasjon og møterreferat og følgjer opp saka.

**Sak 28/2013. Orienteringssaker**

**a) Evaluering av det 6. norske arkivmøtet**

Cecilie Lintoft informerte. Arrangementskomiteen har hatt eit evalueringsmøte i etterkant av arrangementet. 228 personar har gjeve tilbakemelding på ein quest back. Denne fortel at over 98% er nøygde med det faglege og sosiale programmet. Ein endeleg evalueringsrapport kjem i

løpet av hausten. Utstillarane har vore ein viktig kjelde til inntekter. Det var i år færre utstillarar, og færre som besøkte utstillingsområdet. Det vart peika på at dette kan ha samanheng både med fysisk plassering, og med høg konferansepris for utstillarane.

#### **b) Privatarkivkonferansen i Sandefjord**

Cecilie Lintoft infomerte. Ein er særst nøygd med arrangementet, både fagleg og sosialt. Det er endå ikkje utarbeidd rapport om gjennomføringa. Det vart påpeikt viktigheita av at alle økonomiske aspekt er avklart på førehand når ein er i samarbeid om å arrangere konferansar.

#### **c) Norges dokumentarv**

Arne Skivenes har etter førespurnad frå LLP sagt seg villig til å representere LLP i komiteen for Norges dokumentarv. Skivenes har tidlegare vore leiar av komiteen, men har for komande periode sagt frå seg leiarvervet.

#### **d) Representantar til Riksarkivarens samarbeidsforum (privatarkiv og eForvaltning)**

Cecilie Lintoft og Ole martin Rønning er LLP sine representantar i Samdok (oppfølging av arkivmeldinga) sine samarbeidsgrupper for privatarkiv og for E-forvaltning. Det vart peika på to aktuelle personar til å representere LLP i gruppa for kommunale arkiv, evt. medarbeidarar av desse. Nestleiar følgjer opp.

#### **e) Universal Declarations on Archives (UDA)**

Det føreligg no omsett versjon av Verdserklæringa om arkiv på bokmål og nynorsk etter eit samarbeid mellom arkivorganisasjonane for å få dette gjort. Desse ligg no ute på ICA sine nettsider. Erklæringane skal no lanserast i Noreg. Nestleiar har ansvar for å følgje opp samarbeidet med dei andre organisasjonane om korleis dette skal føregå.

#### **f) «Aksjonsgruppe media» i regi av Kulturvernforbundet**

Kulturvernforbundet har oppretta ei aksjonsgruppe som dei siste tre vekene før stortingsvalet vil kome saman kvar morgon og gå igjennom nyheitsbiletet og vurdere korleis ein kan synleggjere aktuelle saker med debattinnlegg og andre former for innspel. Ole Martin Rønning har ansvar for å følgje opp.

#### **11. Eventuelt.**

- Nasjonalbiblioteket selde på 70-talet ut ei stor mengde av Widerøe-foto til kommunane. Dei har no starta eit prosjekt der dei no oppmodar kommunane til å levere desse tilbake. Eit styremedlem kom med spørsmål om LLP bør engasjere seg i denne saka. Ei sentral problemstilling er om Nasjonalbiblioteket skal ha arkivoppgåver framfor kommunane då desse bileta no er ein del av kommunane sine arkiv. Turid Holen og Tor Ingve Johannssen følgjer opp saka.

